

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

c/o Viken Skog BA, Postboks 50 Sentrum, 3504 Hønefoss  
Tlf.32103000, Faks 32103001

**HG-NYTT**

**Nr.26 Mars II, 2013**

**Red. Nils Bjørn Vistad**

**Mobil 900 33 113**

**E-post: [nbv@viken.skog.no](mailto:nbv@viken.skog.no)**

## *Vårfagmøtet i Eidfjord, 16. mars 2013*

Villreinutvalet hadde på nytt stabla opp eit godt fagprogram for denne laurdagen i etterkant av styremøter, årsmøter og spesialmøter for dei mange institusjonar på Hardangervidda.

I dette HG-Nytt tek ein med litt frå det stoffet som vart presentert.

### *Bestandsplan for 2013 – 2016, v/Villreinutvalet*

Gjennomgang av relevante saksfelt vedr. reinforvaltninga: Engasjement i plansaker, friluftaktivitetar, utveksling av dyr mellom Nordfjella/H.Vidda, potensielle negative tilhøve, beite- og kondisjonsforhold, **bestandskontroll**, fredningssoner, overføringar, transport, teljingar, kursing, NINA-samarbeid m.m.

#### **Bestandsmål:**

- 2000 – 2500 kalv i tilvekst (juni/juli)
- Simleandel 40 %
- Maksimalt 12000 dyr før kalving

#### **Andre mål:**

- Bevare jakttradisjonar
- Sikre rekruttering til jegerstanden
- Tilgang til naudsynleg transport og overnatting
- Trygge rom for frihetsføling og naturoppleving
- Tilrettelegge for jaktadgang der dyra er (hvis det er plass)
- Unngå hindring av trekkmoglegheiter
- Grunnlag for balansert (bærekraftig) næringsmessig utvikling
- Rettferdig verdideling
- Mest mogleg lokal forvaltning

### *Kvoteframlegg for 2013*

- Vurdering: Det er i dag i overkant av 10000 dyr før kalving.  
Forventa kalvetilvekst på 2000 – 2200 dyr.  
For dårleg felling i fjor (og året før).

Planlagt uttak: 1600 – 1700 dyr

Ut frå seinare års praksis/erfaring tilseier dette behov for ei kvote på om lag 7000 kort!  
Slik fordeling:

20 frie dyr

50 % simle/ungdyr

30 % kalv

### ***Bestandsstorleik og arealbruk, v/Olav Strand***

Ein optimal bestand på Hardangervidda bør kunne ligge på eit dyretal i storleiken 12 – 14000 dyr.

Jaktuttaket må kunne vera slik at ein evner å styre jaktuttaket når bestanden må ned, og evne opplegg for underuttak når ein vil at bestanden skal auke. For tida har vi ikkje kontroll med nett dette!

Strand orienterte vidare om resultata frå overvåkingsprogrammet til NINA.

### ***Kjell Bitustøyl og tammreintradisjonen***

Meistarleg innhald og framføring! Her var det mykje «mat» for dei som er interessert i kultur, tradisjon og tamreindrift,- samt om folket som dreiv aktivitetane (både tilreisande samar og innabygds fjellfolk i bygdene rundt Vidda).

Viser til boka «Reinen på Hardangervidda – Natur og Kultur», omtalt i forrige HG-Nytt. Her finn ein mykje av dette stoffet. Biletet nedanfor er frå boka: Slakteplassen til Opdal Renkompani, ca. 1900.

### ***Behov nye vernereglar***

Leiar i HG, Johan Vaa, meinte det klart var behov for justering av gjeldande vernereglar. Han meinte at det etter valet til hausten kan ligge til rette for endra politisk samansetjing, men at ein uansett burde freiste få til eit møte med nye styresmakter, uansett korleis denne samansetjinga måtte ende opp.

Aktuelle tema å ta opp:

Lufttransport

Utvida utmarksnæringsbegrep

Rjupejakt som grunnlag for motortransport

Ny forvaltningsmodell (jfr. kjente problem med særleg TU Telemark).

Nils Bjørn Vistad, sekr.

Nils Bjørn Vistad, sekr.